



Sogn og
Fjordane

Ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep

Vestland fylkeskommune
v/ Senior rådgjevar Anne-Lene Norman

Førde, 30.11.20

Namneendring

Vi vil starte med å informere om at Smiso Sogn og Fjordane har bytta namn til Nok. Sogn og Fjordane. Namneendringa skjer for tilsvarende tilbod over heile landet for å styrke innsatsen mot seksuelle overgrep. Namnebytet og felles profil skal bidra til å nå betre fram til dei som treng oss. Ordet «Nok» representerer kva Nok. -sentera jobbar med – å gje utsette og deira pårørande eit tverrfagleg lågterskel og gratis hjelpetilbod. Nok. representerer eit tydeleg stopp-punkt og speglar visjonen til alle Nok-sentera: «Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep»

Rapport frå førebyggjande undervisning for 6.klasse

Nok. Sogn og Fjordane har, sidan 2013, med midlar frå fylkeskommunen gitt tilbod til og gjennomført undervisning i grunnskulane i regionen Sogn og Fjordane på 6.trinnet. I dag er undervisninga godt etablert på alle grunnskulane i regionen. Skuleåret 2019/2020 vart eit annleis år då skulane stengde ned grunna Covid 19. Vi var lenge usikker på om vi ville nå målet vårt, som alltid er å nå ut til **alle** elevane på 6.trinn. Då skulane opna opp att etter påske, var mange veldig kjapp med å ta kontakt for å få undervisninga vår før sommarferien. Fleire skular påpeika at det var viktigare enn nokon gong at elevane fekk denne undervisninga etter ei lang periode med heimeskule. Vi tok eit «skippartak» og i juni kunne vi gjere ei oppsummering; vi nådde ut til nesten alle, det var fire skular vi ikkje rakk å ta dette skuleåret. Tala for skuleåret 2019/2020 syner:

At vi har nådd ut til 88 klassar fordelt på 69 undervisningar til totalt 1263 elevar.

Intensjonen med undervisninga er:

Synleggjere problematikken, drive førebyggjande arbeid og bidra til auka livskvalitet for personar som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep. Undervisningsopplegget vi tilbyr er difor eit **helsefremmande og førebyggjande tiltak** innan problematikken incest og seksuelle overgrep, retta mot barn. All forsking viser at den beste måten å førebyggje seksuelle overgrep er å gje barna kunnskap og informasjon. På denne måten fjernar vi tabu og gir dei eit språk og dei lærer verktøy for korleis dei blant anna kan handle, fortelje og lære kvar eigne og andre sine grensene går.

Erfaring og forsking visar og at utsette som utviklar store og djuptgåande seinskadar etter overgrep, er dei som ikkje har fortalt om overgrepa eller fått hjelp før dei er vaksne. Dei djuptgående skadane utviklar seg spesielt i ungdomsåra. Dersom barn og unge får hjelp i tidleg alder, er det mogleg å redusere seinskadane betrakteleg.

Våre mål for undervisninga er difor:

1. Nå barn som har opplevd/lev i seksuelle overgrep, vald/rus i heimen, psykisk sjuke føresette, skilsmisseslik at dei kan få hjelp, samt sette ord på følelsar og bearbeide det dei har opplevd.
2. Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep.
3. Heve kompetansenivået hos barn og lærarar generelt på dette temaet.

4. Førebyggjande i forhold til potensielle overgripalarar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape gode haldningar i forhold til pubertet og utprøvande seksualitet i denne alderen.
5. Synleggjere for dei som forgrip seg på barn at vi er ute på skulane og informerer barna.

Innhald og tema for undervisninga:

- Gode og vonde berøringar/gode og vonde hemmelegheiter.
- Kropp, grenser, sex og private områder.
- Seksuelle overgrep og incest.
- Porno og overgrep på nett.
- Skilsmisse, rus/vald i heimen, å ha psykisk sjuke føresette.
- Trygge vaksne.
- Å vere ein besteven.

Erfaringar og evaluering:

Helsesjukepleiar og kontaktlærar er alltid til stades under undervisninga. Elevane er aktive og deltagande i undervisninga, dei er nysgjerrige og vitebegjærlege. Vi opplev at det som for mange vaksne er tabu å snakke om, er borna opptekne av og dei sett pris på informasjonen og kunnskapen dei får. Vi er alltid tilgjengeleg etter undervisninga, saman med helsesjukepleiarar. Mange barn har i etterkant ønskja ein samtale med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting. Vi ser at det nyttar å drive førebyggjande arbeid på dette området. Kvart år avdekkjer vi ulike tilhøve som synar at barn lev under vanskelege forhold. Dersom nokon av desse sakene treng vidare oppfølging, drøfter helsesjukepleiar, rektor, kontaktlærar og vi saka og set i verk vidare naudsynte tiltak.

Elevane får utdelt ei brosjyre i etterkant av undervisninga, der hovudtrekka i noko av det vi har snakka om står nedskrive. Brosjyren har fått nasjonal merksemd, og vert brukt av fleire faginstansar samt vist til på ulike nettstader for barn og unge.

Vi opplev ei auke i overgrep og grenseoverskridande åtferd som skjer på nett, spel og ulike sosiale media. Vi har difor tilpassa undervisninga slik at vi brukar meir tid på å snakke om kva som kan skje på nett/sosiale media og på nettrelaterte spel, og korleis dei skal gå fram om dei opplev dette.

Vi får udelt positive tilbakemeldingar frå lærarar, rektorar og helsesjukepleiarar, samt at dei presiserer kor viktig dette undervisningsopplegget er. Nokre skular ønskjer også undervisning til lærarane om seksuelle overgrep, om teikn og symptom, korleis avdekke, kva en gjer ved mistanke og korleis snakke med barn om dette temaet.

Barna gjev undervisninga svært gode tilbakemeldingar, dei synast det er lærerikt, nyttig og veldig viktig.

Vi ønskjer å presisere at vi er heilt avhengig av stønad frå fylkeskommunen for å kunne gjennomføre dette helsefremmande og førebyggjande undervisningstiltaket til alle grunnskulane i fylket. Vi er difor svært takksem for at Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta opp om dette over fleire år, og at det vart vidareført til Vestland fylkeskommune i 2020.



Sogn og
Fjordane

Vi er ikkje i tvil om at det førebyggjande arbeidet vi gjer nyttar og ser fram til vidare samarbeid med Vestland fylkeskommune.

Vi har samla all evaluering i permars på senteret, desse legg vi gjerne fram for gjennomsyn om ønskeleg. Dersom de ønskjer referansar frå rektorar, helsestrener eller lærarar kan vi formidle det.

Med vennleg helsing

Chatrine Elholm
-dagleg leiar-
Nok. Sogn og Fjordane

Trude Lundekvam
-fagleg rådgjevar-
Nok. Sogn og Fjordane